

## **Trygg Vossebane og E16 – iverksett K5 no!**

Trygg Vossabane og E16 – iverksett K5 no! Bergensbana og Vossabana vert stadig råka av driftsstans relatert til ras og rasfare. Jernbane er i utgangspunktet den sikraste og grønaste form for samferdsel vi har. Men likevel er strekninga Bergen-Voss prega av innstillingar og stor utryggleik. Dette er uakseptabelt.

Dette vedkjem ikkje berre byar og tettstadar langs bana. E16 og Bergensbana er òg hovudpulsåra frå Bergen mot Austlandet. Strekninga er livsviktig for Austlandet, Indre og Midtre Sogn, Hardanger, Voss og Bergen. Dette er i dag ei kritisk, svært farleg og usikker forsyningslinje. 80 prosent av alle varer inn og ut av området vert transportert med jernbane eller på veg der standarden er utdatert. Det er kvar dag stor fare for ras eller ulykker.

Ei fullt fungerande hovudpulsåre vil i tillegg til auka tryggleik og redusert reisetid, føre til auka aktivitet både regionalt og nasjonalt. Dette vil stimulere til nytableringar og synergiar langs traseen og i omkringliggende kommunar som i dag har nedgang i folketalet og ei aldrande befolkning.

LO Vestland er glade for at Stortinget løyvde 300 mill. kr i 2024 budsjettet til forberedande arbeid på K5 prosjektet Arna-Stanghelle. Dette sikrar dermed at prosjektet vert vidareført komande år. Samstundes kjem det ingen garantiar for byggestart, og det er framleis slik at arbeidet med bompengeproposisjon (klarsignal for byggestart) ikkje har starta.

LO Vestland ber Regjeringa kome med investeringsbeslutning for prosjektet i 2024 slik at arbeidet snarast kan settast i gong. Det er òg avgjerande for oppstart av prosjektet at K5 vert prioritert i framlegginga av Nasjonal Transportplan som skjer før påske 2024.